



DEN NORSKE KYRKJA

Ål kyrkjelege fellesråd

Møtebok

Ål kyrkjelege fellesråd

Møte 28.4.2026

Møtestart: Kl 18.20 Ål kyrkjestugu

Møteslutt: Kl 19.45

Til stade:

Medlemmer: Inger Haug (Leveld), Liv A. Solberg (Leveld), Kari Kristine Flatland (Torpo), Frøydis Stoveland Dekko (Torpo), Anne Kjersti Frøyen (Ål), Audun Vestenfor (Ål).

Varamedlem: Wenche Skår-Ekse (vara Ål).

Andre: Kristoffer Krohn Sævre, sekretær

Forfall: Arild Øystese Hansen (Ål), Ingrid K. Hajem (Ål), Kristoffer Lønning Tørressen (setteprost).

SAKSLISTE:

FR-sak 15/26: Godkjenning av referat frå møtet 3.3.26 og innkalling 28.4.26

FR-sak 16/26: Gravplassvedtekter – utkast til reviderte vedtekter 2026

FR-sak 17/26: Festeavgift 2026

FR-sak 18/26: Årsrekneskap 2025

FR-sak 19/26: Orienteringssaker

FR-sak 20/26: Personalsituasjonen – oppdatering

Anne Kjersti Frøyen

Leiar

Kristoffer Krohn Sævre

Kyrkjeverje

FR-sak 15/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 3.3.26 OG MØTEINNKALLING 28.4.26

Saksdokument:

[Protokoll Ål kyrkjelege fellesråd 3.3.26.pdf](#)

Saksopplysningar:

Møtebok frå møtet i Ål kyrkjeleg fellesråd i møte 3.3.2026 vert lagt fram for eventuelle korrigeringar og til godkjenning.

Møteinnkallinga for møtet 28.4.2026 er lagt fram for godkjenning.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 28.4.2026

VEDTAK :

Ål Kyrkjelege Fellesråd godkjenner møteboka frå 3.3.2026.

Ål Kyrkjelege Fellesråd godkjenner innkallinga til møtet 28.4.2026.

FR-sak 16/26: VEDTEKTER – UTKAST TIL REVIDERTE VEDTEKTER 2026

Saksdokument:

Utkast revidert vedtekter for Ål kyrkjelege fellelsråd 2026.

Saksopplysningar:

Fellelsrådet er lokal gravplassmyndigheit i Ål kommune og fastset vedtektene for gravplassane i Ål kommune. Etter at gravplassmyndigheit har vedteke vedtektene skal desse godkjennast av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

Gravplassvedtektene for Ål kommune vart sist endra i 2023. Dette nye utkastet tek utgangspunkt i dei førre vedtektene, der malen frå Statsforvaltar har ligge til grunn, og det er no lagt inn nødvendige oppdateringar som inkluderer namna minnelund, samt nokre språklege oppdateringar med innspel frå vikarkyrkjevevje Anne Gerd Jorde og staben i Ål kyrkjelege fellelsråd.

Innhaldsmessig bør fellelsrådet mellom anna merke seg forslag til endra festeperioder frå 10 til 5 år (§6), vedtak om forbod mot lause talglykter (§8), namna minnelund inkludert festetid (§11), samt symbolsk flytting og ekstra namn på minneplata (§12).

Ål kyrkjelege fellelsråd i møte 28.4.2026

VEDTAK :

Ål kyrkjelege fellelsråd vedtek endring av gravplassvedtektene for Ål kommune som framlagt og ber kyrkjevevja sende vedtektene til Statsforvaltaren for godkjenning.

FR-sak 17/26: FESTEAVGIFT 2026

Saksopplysningar:

Festeavgifta i Ål kommune var sist revidert i 2021 og vart då auka frå 190 til 210 kroner. Avgifta er med på å dekke ein del av kostnadene ved å drifte kyrkjegardane men kan ikkje gje inntekter til kyrkja utover det. Kyrkjeleg fellelsråd forvaltar gravplassane på vegne av kommunen og festeavgifta blir difor i kategorien «offentlege avgifter» som blir vedteke i kommunestyret etter forslag frå kyrkjeleg fellelsråd.

Gravplassundersøkinga frå 2023 <https://gravplass.net/2023/06/26/gravplassundersokelsen-2023/> viser mellom anna at i kommunestørrelse 2500-4999 innbyggjarar så var gjennomsnittleg festeavgift kr 249 i 2023. Ser me på fylker var gjennomsnittleg festeavgift i Buskerud kr 221.

Konsumprisindeksen (KPI) frå 2021-2026 kunne tilseie ein festeavgift på kr 250. Slik sett er festeavgifta i Ål under gjennomsnittet sett opp imot nasjonalt gjennomsnitt, samt KPI.

Samtidig er det nærliggande og tilrådeleg å samanlikne seg med dei andre fellelsråda i Hallingdal.

Kyrkja i Hallingdal legg opp til samarbeid og dialog, og eit ynskje om harmoniserte prisar.

Festeavgiftene i Hallingdal ligg no på 210-230 kroner per år.

Fellelsrådet bør ta stilling til kor mykje festeavgift som skal vedtakast både dette året og i komande år.

Kyrkjevevja vil tilrå ei moderat auke som strekk seg mot landsgjennomsnittet, men som ikkje spring ifrå festeavgifta i dei nærliggande kommunane.

Nokre moglege scenario er som fylgjer:

1) Fellelsrådet vedtek ei festeavgift på kr 230 – tilsvarande avgifta i Hol kommune. I så fall bør fellelsrådet vurdere ei ny auke om få år.

2) Fellelsrådet vedtek ei festeavgift på kr 230 – samt at festeavgifta justerast årleg i tråd med KPI, slik dei har gjort i Hemsedal.

3) Fellelsrådet vedtek ei festeavgift på 240 kroner for å hente inn etterslepet sett opp imot gjennomsnitt og KPI, men samtidig ikkje mykje høgare enn andre hallingdalskommunar.

4) Fellelsrådet vedtek ei festeavgift på kr 250 som vil være i tråd med nasjonalt gjennomsnitt og KPI-justering, men vesentleg høgare enn andre hallingdalskommunar.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 28.4.2026

VEDTAK :

Fellesrådet vedtek å justere festeavgifta til 240 kroner i året med effekt frå 1. august 2026. Avgifta må behandlast i kommunestyret. Fellesrådet legg opp til at festeavgifta justerast i kvar fellesrådsperiode.

FR-sak 18/26: ÅRSREKNESKAP 2025

Saksdokument:

- Årsrekneskap 2025 Ål kyrkjelege fellesråd med noter (frå rekneskapsavdelinga i kommunen)
- Drift 2025 – Vismarapport

Saksopplysningar:

Årsrekneskapen for 2025 er hermed presentert og viser eit mindreforbruk i drift på 808,651.33 kroner. Meirforbruket frå 2024 vart søkt dekka frå kommunen og utgjer 258,534 kroner overført i 2025 som del av overføringa frå kommunen i art 18450.

Kommentarar til nokre av postane:

- Me brukte 91,4% av budsjetterte lønsmidlar, altså eit mindreforbruk på 397,483 kroner med forklaring i vakanse og sjukemelding.
- Pensjonsinnbetaling vart 28% høgare enn budsjettert, ein betydeleg auke som me må være obs på.
- 12700 Andre tenester inkluderer solistar og musikarar til folkemusikk-prosjektet med egne tilskot frå Kulturdirektoratet.
- Kremasjonsandelen vart ikkje så høg som budsjettert.
- Me fekk inn 93,570 meir i gåver/ofringar enn budsjettert.
- Me fekk 90,029 meir i renteinntekter enn budsjettert.
- Me har vore noko forsiktig med nokre budsjetterte kostnader, slik som reiser/diett, og planlagde vedlikehald/nybygg på kyrkjegardane (søppelskur m.m.).

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 28.4.2026

VEDTAK:

1. Fellesrådet vedtek årsrekneskapen 2025 og sender vidare til revisjon.
2. Fellesrådet vedtek å setje mindreforbruket på 808,651.33 kroner på disposisjonsfond.

FR-sak 19/26: ORIENTERINGSSAKER

Saksframlegg:

a) Krematorium: Me reknar med ei gradvis auke i kremasjonar komande år, og no kjøper me kremasjonstenester frå Drammen til ein pris på kr 8450 per kremasjon. Kapasiteten i Drammen ser ut til å bli metta i 2030, hvilket betyr at me må kjøpe tenesta andre stader om få år. Foreløpig signal per mars 2026 er at Ringerike kommune vil vurdere å ta investeringskostnaden og eige krematoriet sjølv. I så fall legges forslaget om IKS på is, og så vert alle involverte kommunar (inkludert Ål) aktuelle som ordinære «kundar» av eit nytt krematorium i Ringerike. Det vil då innebere vanlege tenestekjøp når anlegget står klart. Seremonirom var det liten interesse blant kommunene til å investere i, så det vil uansett bli vanleg leige dersom noko byggast.

b) Medarbeidarundersøking vart gjennomført i heile Den norske kyrkja i mars. Svarprosent på 50% i Ål kyrkjelege fellesråd. Stabens trivsel og arbeidsmiljø vil bli sett på agendaen i mai når ny diakon er på plass.

c) Oppdatering investeringsarbeid 2026: Me er i gong med å hente inn tilbod på måling av Leveld kyrkje, samt lyssetting i Ål kyrkje. Me forsøker å søkje om utsetjing av tilkopling på kommunalt anlegg i Leveld. Me må bruke nokre av 2026-investeringsmidlane til å dekke inn meirforbruket til nytt varmeanlegg i Ål kyrkje i 2025. Resterande midlar vil bli brukt til Torpo kyrkje, inkludert arbeid med å skrive søknad til Kirkebevaringsfondet.

d) Kyrkjeverja har sagt ja til å ha VTO praksisplass på prøveperiode i kyrkja med oppstart 4. mai. En person på VTO må tilsetjast i bedrifta og bedrifta har ordinært arbeidsgjevaransvar, men det er ikkje krav til stillingsprosent. Arbeidsgjevar er ansvarleg for arbeidsgjevaravgift og forsikring, men mottar tilskot som dekker kostnader og som kan brukast til å gje ein motivasjonslønn etter innsats.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 28.4.2026:

VEDTAK:

Fellesrådet takker for orienteringane.

FR-sak 21/26: PERSONALSITUASJONEN - OPPDATERING

Saksframlegg:

Fellesrådet har lagt inn ei fast orienteringssak om personalsituasjonen i kyrkja.

Prosten vil orientere om prestesituasjonen.

- Kapellan Aslak Elias Simonsen vil ha oppstart 1. juni, innsetjingsgudsteneste 14. mai i Geilo kulturkyrkje. Soknerådet vil også ha ein markering for kapellanen i Ål ved seinare høve.

- Prost Camilla Osnes ferdig permisjon 4. mai.

Kyrkjeverja vil orientere om all anna stab ved kyrkjekontoret.

- Sjukemeldingar. Framleis noko vikarbehov, inkl. BUK i juni og planlegging av trusopplæring hausten 2026. Me prøver utlysing etter vikar.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 28.4.2026:

VEDTAK:

Fellesrådet takker for orienteringa.

Neste møte: 16. juni 2026